



## RETNINGSLINJER FOR KOMMUNALT LANDBRUKSFOND I SURNADAL

Vedtatt av Kommunestyret den 05.04.2018

### Bakgrunn

Det vart oppretta ei kommunal tilskottsordning for landbruket i Surnadal i 2011, med første tildeling i 2012. Prosjekt som ein finn støtte for i vedteke næringsplan skal prioriterast. Retningslinjene kan reviderast årleg, i samråd med næringa, dersom administrasjon, politikarar eller representantar frå næringa finn det naudsynt. Formannskapet vedtek dei gjeldande retningslinjene.

~~Det vart i utgangspunktet løyvd kr. 300.000,- frå næringsfondet til landbruksfondet. Beløpet kan vedtakast regulert ved revidering av retningslinjene. Indeksregulert beløp utgjer frå 2015 kr 320.000,-~~

Landbruksfondet består av kr. 500.000,- som er avsett frå det kommunale næringsfondet. Der kr 150.000,- blir avsett skogbrukstiltak. Viss skogmidlane ikkje blir bruka opp i løpet av året, kan dei fordelast på andre landbrukstiltak.

Inndregne midlar frå ikkje gjennomførte tiltak kan delast ut på nytt året etter utløpet arbeidsfrist.

Formannskapet utgjer styret for fondet. Søknadene handsamast administrativt, og refererast i Formannskapet. Vedtak om avslag på søknad om støtte frå fondet blir vurdert som enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2, og kan påklagast. Formannskapet er klageinstans.

### Mål med bruken av dei økonomiske verkemidla

- Styrke og oppretthalde utvikling og verdiskaping i jordbruk og skogbruk.
- Stimulere til nyetableringar/nye næringar med utgangspunkt i landbruket sine ressursar.
- Motivere ungdom til å satse på eit yrke i landbruket.
- Tilskotet bør ha ein utløysande effekt på tiltaket.

### Virkeområde

Retningslinjene gjeld for tiltak på landbrukseigedomar i Surnadal kommune. Fellestiltak kan og kome inn under ordninga.



## Generelle reglar for støtte

- Søknadsfrist blir sett til 15.mars kvart år.
- Søkjarane vil få 2 års arbeidsfrist. Dvs 31. oktober, 2 år etter innvilga søknad.
- Det er ikkje opna for utsett arbeidsfrist.
- Det blir gjeve tilskott til nyinvestering, ikkje til driftskostnader.
- Tiltaket skal som hovudregel ikkje vere påbegynt før søknadsåret.
- Fellestiltak vil bli prioritert om tilskotsramma blir for lita.
- Tiltak som bidrar til å minske forureining og fremme gode og langsiktige løysingar skal prioriteras.
- Ein finn eige søknadsskjema på kommunen sine heimesider. Det skal leggjast ved prosjektbeskriving, kostnadsoverslag og finansieringsplan ved søknaden.
- Tilskotet blir utbetalt etterskotsvis og etter rekneskap og rapport.

## Avgrensingar

- Tilskotet avgrensast til maksimalt 35% av kostnadsoverslaget
- Maksimalt tilskot frå landbruksfondet blir avgrensa til 40.000,- per år per driftseining. Fellestiltak kan opne for auka ramme, opp til 40.000,- per deltakande driftseining.
- Minimum tilskotsbeløp det kan bli søkt om og som kan innvilgast er på kr. 5.000,-.  
**Minimum tilskotsbeløp til skogbrukstiltak blir sett til kr. 1.000,-.**

## Støtteformål

Næringsaktivitet og bruk i drift eller under etablering skal prioriterast gjennom tildelinga. Prosjekt som ikkje mottek anna offentleg støtte skal prioriterast. Saker til SMIL, grøfting og landbruksfond bør sjåast i samanheng, slik at ein får bruka midlane på best mogleg vis.

Eksempel på aktuelle tiltak:

### Kompetansehevande tiltak:

Det kan gjevast tilskot til kompetansehevande tiltak, som gjer bonden meir i stand til å fatte rette avgjersler som bedriftseigar, og andre faglege emne. Det kan og gjevast tilskot til innhenting av rådgjeving og fagleg kompetanse ein manglar sjølv. Det kan gjevast tilskot til



enkeltbruk, som til dømes deltakingsavgift på kurs, avløysarutgifter, og til tilrettelegging av fellestiltak.

#### **Utmark/beitebruk:**

Tiltak som fremmer betre utnytting av dei samla ressursane som bruka utgjer, som skog, jord, elv og utmark er prioritert. Herunder både enkelt- og fellestiltak.

#### **Teknisk utstyr:**

I utgangspunktet skal ikkje investering i omsetteleg teknisk utstyr prioriterast. Det kan likevel opnast for det dersom rammer og øvrige søknadar opnar for det, eller at tiltaket gjev ein meirverdi, som t.d miljøgevinst, eller at fleire kan dra nytte av det konkrete tiltaket.

#### **Nydyrking:**

Det kan gjevast tilskot til nydyrking.

#### **Skogbruk:**

Det kan gis støtte til skogsveibygging. Det kan gis støtte til bioenergi – gårdsanlegg.

Det kan gi støtte til rydding av krattskog som eit ledd i kulturlandskapsskjøtsel.

**Det kan gis støtte til skogkulturtiltak (planting, ungskogpleie mm).**

## **Kostnadsoverslag og sluttrekneskap**

Satsar for arbeid som skal utførast:

Eige manuelt arbeid:	350,- (frå 1.1.2015, iht EØS-regelverk iflg Sivert G)
Eige arbeid m/motorsag og liknande	400,-
Eige arbeid m/traktor m/div utstyr	600,-

Spesifiser mva i kostnadsoverslaget.

#### **Viktig:**

Noter kor mange timar du/de arbeider med prosjektet. Timelista skal leggjast ved rekneskapet. Dersom sluttrekneskapet viser at kostnaden blir mindre enn i kostnadsoverslaget blir tilskotet redusert tilsvarande. Viktig med realistiske kostnadsoverslag!